



HØGSKULEN I VOLDA

Volda University College

Nyhendebrev nr. 26, 11. august 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Her er programmet for Fadderveka

Programmet for Fadderveka i Volda 2022 vart offentleggjort onsdag 10. august. Du finn programmet på nettsida til Fadderveka: www.fadderveka.no. På programmet står både musikk på Rokken med kjende artistar, det tradisjonsrike rebusløpet, landskamp i volleyball - og også Faddergudsteneste.

[LES MEIR](#)



Studiestartseminar: Professor Hovlid om ytringsfridom - og andre omsyn

[Professor Ellen Hovlid](#), AMF, står i år for det faglege studiestartseminaret på Høgskulen i Volda. Professor Hovlid vil diskutere følgjande tema: "[Jakten på den gode balansen – forskning på avveiningen mellom ytringsfrihet og andre hensyn](#)". Seminaret er ope for alle og blir arrangert i BK Store auditorium tysdag 16. august kl. 09.45.

[LES MEIR](#)



Volda-professor er mest synleg i media

I ei opptelling som Retriever og [Klassekampen](#) har gjennomført er [journalistikkprofessor Paul Bjerke](#) ved Høgskulen i Volda rangert som den mest synlege medievidar i norsk akademia. I opptellinga er både eigne mediebidrag og intervju talt med, og Paul Bjerke står med 343 medieoppslag dei siste 10 åra. [Rangeringa er også omtala i Khrono](#).

[LES MEIR](#)



Rokken Cafè opnar på nytt 16. august

Rokken Cafè opnar på nytt tysdag 16. august kl 14.00, altså på opningsdagen for studieåret 2022-2023. Kafeen byr på ein spennande street food-meny og kaffimeny. Lokalet har vorte pussa opp, så det blir også snop for auget, melder Sivolda. På opningsdagen blir kafeen open i alle fall til klokka 19, og seinare på kvelden blir det Faddeveke-konsert med Cinnamon City på Rokken scene. Dei normale opningstidene framover blir måndag-laurdag kl 11-18. Søndag er kafeen stengt.

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv

Studiestart: Både ledige studieplassar - og ledige hyblar i Volda

Her er oversyn over [ledige studieplassar ved Høgskulen i Volda](#). Både hos [studentsamskipnaden Sivolda](#) og på den private hybelmarknaden i Volda er det framleis råd å finne seg ein stad å bu før studiestart 16. august.

Studiestart: God plass på nettstudiet i Religion og kultur

Høgskulen i Volda starta i 2022 opp eit nytt bachelorstudium i Religion og kultur, og på nettstudium er det god plass til fleire studentar. [Les meir om studiet på nettsidene våre.](#)

Studiestart: Kvar skal studentane møte opp? Studieprogramansvarlege må informere på www.hivolda.no

Nye studentar må få beskjed om kvar dei skal møte opp på første dagen i studiet, og den informasjonen må studieprogramansvarlege formidle i Studiekatalogen på nettsidene våre. [Sjå til dømes korleis GLU har informert om dette](#) under "Tidspunkt for oppmøte og samlingar". Også fadderane treng denne informasjonen for å kunne føre sine fadderbarn fram til rett rom.

Studiestart: Gi studentane tilgang i Canvas

Etter 1. august kan studentar registrere seg for haustsemesteret og får då også tilgang til Canvas. Canvasrom bør difor publiserast snarast og om ikkje informasjonen er klar bør det stå ei forklaring om at innhaldet vil kome seinare. Både fagleg tilsette og studieadministrasjonen har tidlegare år fått mange spørsmål frå studentar som lurar på kvifor dei møter "tome" rom i Canvas.

Studiestart: Velferdsgruppa kjem på besøk - ting avtale på "Omsorgsturneen"

Velferdsgruppa ønsker å besøke alle nye studentgruppar, altså førsteårsstudentar, og ber om å få bruke 15 minutt av ei undervisningsøkt i løpet av veke 36-41. På denne korte økta vil representantar frå Velferdsgruppa presenterer tilbodet til Høgskulen i Volda med studierettleiar og tilrettelegging, Studentsamskipnaden med studentrådgjevar og psykologteneste, helsestasjonen for studentar, biblioteket sine tilbod til hjelp i oppgaveskriving m.m., samtaletilbod med studenthumanist og studentprest, samt Studentparlamentet og deira viktige stemme inn i velferdstilbodet. Prorektor sende 1. august e-post til alle HVO med tittel "Studiestart - informasjon". Der er det lenke til skjema for bestilling av besøk frå velferdsgruppa.

Studiestart: Program for opningsdagen tysdag 16. august

Vi har i 2022 skunda fram studiestarten til klokka 11.00, slik at det skal verte litt betre tid til studieprogramma og avdelingane å gjennomføre dei studieprogramvise oppstartane. Programmet for studiestartdagen ser slik ut:

11.00: Ofisiell opning, bak [Berte Kanutte-huset](#)

11.45: Fadderveka: Fadrane samlar sine fadderbarn, og tar dei med til dei studieprogramvise oppstartane.

12.30: Studieprogramvise oppstartar.

Etter avtale med fadrane, men seinast 15.00: Fadrane kjem og henter dei nye studentane, fadderveka tek til.

[På den faste studiestartsida er det informasjon om studiestarten 2022.](#)

Studiestart: 10 tips for ein supert studiestart i Volda

Tidligere HVO-student Veronika Svartvatn kom for nokre år sidan til Volda uten å kjenne staden eller nokon av sine studiekameratar. Ho har samla sine erfaringar med å vere student i Volda i form av ti tips til nye studentar. [Les dei på nettsida vår.](#)

Bli kjent med Volda: Interaktivt kart

I Volda kan du gå til "alt". [På nettsidene til Høgskulen i Volda finn du eit interaktivt kart](#) som syner kvar du kan gå for å finne små og store skattar og smykke i StudiebygdA.

Rabatt på billetter i Aasentunet - gratis for studentar

Høgskulen i Volda er ein av stiftarane av Nynorsk kultursentrum. Alle HVO-tilsette får 30 prosent rabatt på inngangsbillett til utstillingar og omvisingar i [Aasentunet, Haugesenteret og Vinjesenteret](#). Prisen er då kr 70,- . Gi beskjed i kassa når du kjøper billett for å få rabatten. Studentar og barn har gratis inngang.

Gratis fjordcruise på Hjørundfjorden

Frå 1. juli har ferjene på Hjørundfjorden blitt gratis for alle. Det betyr blant anna at studentar kan dra på gratis fjordcruise om dei passar på å ta ei av dei to ferjene som går på fjorden. [Les meir om dette blant anna i Møre-Nytt \(+sak\)](#). M/F Eid går mellom Sæbø og Leknes, medan M/F Kvernes går mellom Standal, Trandal, Skår og Sæbø. [Her er ruteoversyn på Fjord1 sine nettsider.](#)

Kantina har opna igjen - her er varmmat-menyen komande veke

Måndag: Vegetarlasagne med salat og brød

Tysdag: Laks med agurksalat og rømmesaus

Onsdag: Kjøttbollar med fløtesaus og potetmos

Torsdag: Potetball med tilbehør

Fredag: Tacobuffet

Kantina har heimelaga suppe kvar dag

Fag og forskning

MAGLU: 40 nye lærarar frå Høgskulen i Volda

Dei aller første studentane på dei femårige grunnskulelærerutdanningane (MAGLU) blei ferdig våren 2022 og resultatlistene på masteroppgåva synar gode resultat og svært få som ikkje har stått. På MAGLU 1-7 var det 15 som stod på endeleg eksamen og på MAGLU 5-10 var det 25 som fekk stått. I alt vart det altså uteksaminert 40 kandidatar på MAGLU frå Høgskulen i Volda våren 2022. Ein del studentar er forsinka med masteroppgåvene sine og av andre grunnar, så det vil bli fleire frå dei første MAGLU-kulla som kjem til å fullføre lærarutdanninga si.

Framleis ledige plassar tilbod i høgskulepedagogikk - frist 25. august

Det er framleis nokre ledige plassar på våre eigne studietilbod i høgskulepedagogikk for HVO-tilsette. Emna som blir tilbodne er i tillegg til pedagogisk basiskompetanse: Digital didaktikk, rettleiing av mastergradsstudentar, rettleiing på kvantitativ metode og formidling i høgare utdanning. [Dei som vil delta på kurs sender søknad på denne lenka](#). Søknadsfristen er 25. august 2022. [Les meir om utdanningsfagleg kompetanse på nettsidene våre](#).

"Finn ein forskar" - nytt tilbod på Høgskulen i Volda

Korleis finne fagekspertar på fagområda på Høgskulen i Volda? [Gå inn på nettsida vår: Finn-ein-forskar](#). Til dømes: I desse skulestart-dagar er lese- og skriveopplæring på dagsorden. [For journalistar eller andre som treng innsikt, har vi mykje forskning på lese- og skriveopplæring](#).

Forskningsmidlar, forskingsaktivitetar og fristar:

Lyser ut midlar til utanlandsopphald: Søknadsfrist 15. august

Stipendiatar og fagleg tilsette ved HVO kan søkje om støtte til utanlandsopphald. Føremålet er å medverke til auka mobilitet, stimulere til internasjonalt forskingssamarbeid, nettverksbygging i utlandet og internasjonal erfaring. Støtta skal brukast til å dekke dokumenterte meirkostnadar ved

forskningsopphald i utlandet, primært utgifter til reise og bustad. Det kan vere høve til å søkje om støtte til å ta med familien på utanlandsopphald. [Les meir om ordninga på nettsidene våre.](#)

Nytt om namn på HVO

Professor Bachmann inn i nordisk ekspertpanel

[Professor Kari Elisabeth Bachmann](#), AHL, har takka ja til å sitte i eit ekspertpanel på vegne av Nordic Research Councils for the Humanities and the Social Sciences (NOS-HS). Ekspertpanelet skal vurdere søknader på ei [utlysing i regi av Nordforsk](#). Målet er å fremje forskingssamarbeid og støtte utviklinga av nye forskingsområde og program innan humaniora og samfunnsvitskap i dei nordiske landa.

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

Fjordantologien 2022: Fuglseth og Fooladi om berekraft i "Supernytt" (NRK)

[Førstelektor Kristian Fuglseth](#), AMF, og [førsteamanuensis Erik Fooladi](#), AHL har skrive ein artikkel med tittelen: "Økologisk berekraft formidla til barn og unge - ein innhaldsanalyse av nyheitsmagasinet Supernytt." [Artikkelen er trykt i Fjordantologien 2022.](#)

Fjordantologien 2022: Håberg og Ryslett om berekraft og folkehelse og barnehagemat

[Førsteamanuensis Liv Ingrid Aske Håberg](#) og [høgskulelektor Kari Ryslett](#), begge AHL har skrive ein artikkel med tittelen "Matomsyn i barnehagemåltidet i eit berekraftig folkehelseperspektiv". [Artikkelen er trykt i Fjordantologien 2022.](#)

Frontiers in Education: To bidrag med fleire HVO-tilsette

Krumsvik, Rune Johan; Skaar, Øystein Olav; Røkenes, Fredrik Mørk; Solstad, Stein Helge; Høydal, Kjetil L.: ["Experiences of WNGER II Ph.D.Fellows During the COVID-19 Pandemic – A Case Study."](#)

Moltudal, Synnøve Heggedal; Krumsvik, Rune Johan; Høydal, Kjetil L.: ["Adaptive Learning Technology and Learning Analytics in Primary Education: Implications for Professional Teacher Knowledge and Classroom Management"](#).

Frontierst in Sports and Active Living: Bidrag frå HVO-tilsette

Skogen, Ingeborg Berg; Båtevik, Finn Ove; Krumsvik, Rune Johan; Høydal, Kjetil L.: ["Weight-based victimization and physical activity among adolescents with overweight or obesity: A scoping review of quantitative and qualitative evidence"](#).

"Tru, språk og historie": Heidersskrift til professor Per Halse

Tilsette på Institutt for religion og livssyn (IRL) har redigert boka: «[Tru, språk og historie](#)», som er ei markering av Per Halses akademiske arbeid. Boka er gitt ut på forlaget Cappelen Damm Akademisk. Redaktørar for boka har vore: Anders Aschim, Bente Afset, Hallgeir Elstad og Birger Løvlie. I tillegg til redaktørane har også mange andre noverande og tidlegare HVO-tilsette bidrege i boka: Torgeir Dimmen, Jan Ove Ulstein, Per Magne Aadnanes, Jan Inge Sørbø, Marie Nedregotten Sørbø, Ralph Meier og Atle Døssland.

Ådne Meling har publisert i International Journal of Cultural Policy

[Førsteamanuensis Ådne Meling](#), ASH, har publisert artikkelen "[The normative role of experts in policy development: a comparison of two Scandinavian cultural policy reports](#)" i tidsskriftet International Journal of Cultural Policy.

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

Høgskuledirektør - søknadsfrist 22. august 2022

Ved Høgskulen i Volda er det ledig fast stilling som høgskuledirektør. Den nye direktøren tek til snarast råd. Høgskuledirektøren har saman med vald rektor ansvaret for den daglege leiinga av institusjonen og har styret for høgskulen som næraste overordna instans.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Møre og Romsdal fylke skal tilsette prosjektleiar for lærarutdanning i Kristiansund - Søknadsfristen 28. august 2022.

Møre og Romsdal fylkeskommune har [lyst ut ei prosjektleiarstilling som skal halde til ved Campus Kristiansund](#) og som blant anna skal arbeide for å utvikle lærarutdanning i Kristiansund i samarbeid med Høgskulen i Volda.

Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse - søknadsfrist 1. september 2022

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, er det ledig ei fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse frå 1.1.2023. Stillinga er knytt til Institutt for digital kompetanse der 7 tilsette mellom anna underviser i nettstudium i digital kompetanse, i grunnskulelærarutdanninga samt har stor aktivitet knytt til desentralisert kompetanseutvikling i regionen(DEKOMP/REKOMP). Instituttet får også etterutdanningsoppdrag og vi forskar på og driv interne høgskulepedagogiske tilbod knytt til digital kompetanse.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Medieingeniør til medieutdanninga i Volda - søknadsfrist 1. september 2022

Avdeling for Mediefag ved Høgskulen i Volda har flytta inn i nytt mediebygg og treng fleire tilsette.

Vi utvidar no den tekniske staben og har omgåande ledig ei heil fast stilling som medieingeniør. Stillinga vil ligge under fellesadministrasjonen ved avdelinga.

Det medietekniske fagområdet er inne i ei rivande utvikling med nye løysingar for innhaldsproduksjon og publisering, og broadcast og IT smeltar meir og meir saman. Vi ønsker oss difor ein person som er opptatt av innovasjon og utvikling, men som også kan bidra godt inn mot dagens løysingar. Stillinga vil saman med den øvrige tekniske staben ha ansvar for utstyr og tekniske løysingar, rettleiing og support.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i medieproduksjon - søknadsfrist 12. september 2022

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for mediefag, har vi ledig ei 100% fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor ved Institutt for film og animasjon, frå 2.1.2023. Dato for oppstart kan justerast etter avtale.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege arrangement på og ved HVO:

Hausten 2022:

16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)

26.8.2022: [Disputas Nanna Natalia Jørgensen](#), HVO

4.-10.9.2022: [Kammermusikkfestivalen](#)

1.9.-3.9.2022: [ITAC Teaching Artist verdskonferanse \(SEANSE\)](#), Oslo

9.9.2022: [Disputas Synnøve H. Amdam](#), UiO

23.-27.9.2022: [Forskingsdagane 2022](#)

29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)

6.10.2022: [Fagdag BUP - konsekvensar av traume og stressrelaterte lidningar hjå born og unge](#), HVO

24.-26.10.2022: [Øyralangs](#)

27.-28.10.2022: [Barnehagekonferansen 2022](#), Ålesund
1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)
4.11.2022: [Sinnemeistring hos voksne](#), HVO
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset
18.11.2022: Avdelingsseminar ASH

Våren 2023:

19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO
8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)
8.3.2023: Samskapings- og innovasjonskonferanse, HVO
9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
3.-4.5.2023: Styreseminar og [Høgskulestyret](#)
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA
<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

10.8.2022: [Kven blir ny HVO-rector?](#)
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av strømprøduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)